

Postpensjonistane i Sogn og Fjordane

Referat frå styremøte i Førde måndag 10.01.2022

Møtestad: Omdelinga på Sanderplassen

Møtet starta kl. 11.15.

Tilstades: Jermund Fimreite – leiar
Osvald Olsen - nestleiar
Anders Vosseteig - økonomiansvarleg
Oddny Rosenlid – sekretær/medlem i aktivitetsnemnda
Grete Finnebotn – 2. varamedlem
Anna Lunestad – leiar i aktivitetsnemnda

Fråver: Kjell Skår – styremedlem
John Lien – 1. varamedlem

Møteleiar: Jermund Fimreite
Referent: Oddny Rosenlid

Sakliste: 1. Åpning
 2. Godkjenning av referat frå styremøte den 06.12.21
 3. Årsmøte
 4. Arbeidsplan 2022
 5. Godtgjersle for trykking.
 6. Ymse.

Sak 1.

Jermund opna møtet med å ynskje alle velkomne.

Sak 2.

Ingen merknad til referatet frå siste styremøte 06.12.2021

Sak 3.

Årsmøtet er tidfesta til 11. mars på Thon Hotell på Skei. Jermund har fått avtale med politisjef Arne Johannessen til å kome og halde eit innlegg på ca 45 min. Vi vil også invitere Nils Gjerland frå Sogn og Fjordane Pensjonistforbund og ein representant frå Fagforbundet Post og Finans. Vi ynskjer vidare at Jermund får Helene Myklemyr Bolstad til å spele litt til underhaldning på møtet og elles spele til sangane under middagen.

Jermund har fått avtala prisar med hotellet: Overnatting i enkeltrom: kr 1095,- Overnatting i dobbeltrom: kr 1395,-, middag kr 425,-. Saker ein vil ta opp på møtet, må sendast styret innan 26.2.22. Påmelding til årsmøtet må sendast Jermund innan 26.2.22.

Laget sponsar middagen for medlemmene med kr. 175,-

Vedtak:

Årsmøtet går som planlagt. Innbyding og informasjon til medlemmene, blir teke inn i neste

nr. av Vestfylket. Vi kan også sende ut eit ekstra skriv til medlemmene i februar som påminning.

Sak 4

Jermund hadde sett opp eit forslag til plan for styremøte i første halvdel av 2022. 10.1.- 14.2.- 11.3.- 4.4.- 9.5. - 13.6. Desse datoane kan takast inn i Vestfylket slik at medlemmene kan melde inn saker eller tema som dei ynskjer vi kan ta opp på møta.

Første medlemstreffet tenkjer vi å ha på postterminalen på Moskø. Jermund får i oppdrag å snakke med Eva Tveit om dei tek i mot besøk av postpensjonistane og kva tid.

Vi kan også prøve å få til eit medlemstreff på Museet på Sandane der det er oppført eit posthus og elles har tilknytning til historie og filateli. Oddny undersøker litt om dette. Eit besøk på Sandane kan elles knytast til besøk i Trivselsskogen.

Vedtak:

Jermund,Oddny og Anna jobbar vidare med desse medlemstreffa .

Sak 5.

Jermund hadde undersøkt med avdelingane på Sunnmøre og i Bergen om korleis dei fekk «Trykt» medlemsblada sine. Begge avdelingane fekk dei trykt på teminalane og hadde såleis ikkje utgifter til trykking.

Pris mm. For trykking av Vestfylket vart diskutert .

Vedtak:

Det vert kjøpt eit gåvekort på butikk-kjeda Allti på kr 7.500,- som blir levert til Lars Ove Rosenlid som kompensasjon for trykking og arbeid med «Vestfylket» i over 8 år.

Sak 6.

I staden for Aud Ryssdal i aktivitetsnemnda, rykkjer Hjalmar Fureli opp som fast medlem fram til årsmøtet.

Pensjonistforbundet er opptatt av å gjere mest mogeleg for eldre. Postpensjonistane har også eit ynskje om at medlemmene skal få nyttig og enkel digital opplæring. Dei tilbyr i første omgang opplæringshefter som dei vil sende ut til avdelingane. Hefta omtalar digital kommunikasjon, digitalt kontor og kome i gang med Facebook. Dei ynskjer ein kontaktperson pr. avdeling som dei kan sende hefta til. Dette vart diskutert. Vi kan orientere om dette på årsmøtet og prøve og finne ein person i laget som kan ta på seg oppgåva å vere kontaktperson.

Laget fyller 25 år i 2022. Vi må ha ei feiring til hausten. Vi treng då å oppnemne ein komite på tre personar som kan førebu dette. Det kom forslag på Harald Ekroll, Eldbjørg Hustveit og Einar Solem. Jermund tek kontakt med desse for å få dei til å ta på seg oppdraget.

Møtet slutt kl 14.30.